

Brende Linnés tippoldemor på bålet

Det er 300 år sidan Carl von Linné vart fødd, og Sverige feirar botanikaren heile året. Fullt så bra gjekk det ikkje med tippoldemora, som vart brend på bålet i Stavanger.

Ottar Fyllingsnes

ottar@dagogtid.no

Linné-året er det største vitenskaplege jubileet i Sverige nokosinne. Det er lagt opp til meir enn 300 arrangement – frå nord til sør i landet. Alle er med – frå Vitenskapsakademiet til Riksutstillingar og lokale utstillingar, lensmuseum og Skansen. Det er laga bøker, filmar, ein symfoni og skuleprosjekt, og hundretals skular vil vera Linné-skular. Startskotet gjekk i Råshult, på Linnés fødestad utanfor Växjö i januar.

Carl von Linné er kjend for å ha skapt system i planteriket. Han gav plantene både slekts- og artsnamn. Han klargjorde kjønnet til plantene og laga eit seksualsystem for planteriket, der han samanlikna forplantinga til blomane med seksuallivet til menneska.

Brend som heks

I biografiane om Linné vert faren dregen fram. Han var interessert i planter, medan mora tilhørde ei slekt som hadde vore prestar i fleire generasjonar. Morsslekta vert ikkje førd lenger tilbake enn til bestefaren, men det er først når ein går litt lenger, at ein finn dei norske forfedrane.

– Tippoldemora Johanne Pedersdotter (1584–1622) er vidgjeten – eller heller illgjeten – av di ho vart brend som heks i Stav-



Carl von Linné er Sveriges fremste naturvitenskapsmann, og heile dette året vert han feira i grannlandet. Men han hadde norske røter på morssida.

anger den 29. eller 30. september 1622, skriv professor Per M. Jørgensen i ein artikkel om Linnés obskure norske forfedre.

Han skriv at skuldingane mot Johanne var knytte til døden til prestefrua til Nils Olufsen. Det vart hevda at ho hadde lide ein unaturleg død, og borgarmeisteren førde saka inn for rådstoveretten i juli 1622.

Ei kvinne som heitte Karen

Nilsdatter Stabo, ein kjend synsk person, vitna om at ho hadde sett ein kvit skapnad utanfor huset til presten og kjent att Johanne Pedersdotter.

Saka mot Johanne varde heile sommaren i 1622, og mange kvinner og nokre få menn stod fram og fortalde om mistenkjelege hendingar og sjukdom knytt til henne. Jamvel kona til biskopen vitna mot Johanne, ved å sitera



Christina Broderonia, mor til Carl von Linné, hadde Johanne Pedersdotter til oldemor.

skuldingar som prestekona hadde kome med på dødsleiet.

Torturert til å tilstå

Den 10. september 1622 vart Johanne Pedersdotter dømd til å dø på bålet.

– For meg synest dette å vera baktaling frå misunnelege kvinner, skriv professor Jørgensen.

Han finn det vanskeleg å skjona at dommarane med lensherren



Johanne Pedersdotter vart brend som heks på bålet i Stavanger i 1622.

Henrik Bille i spissen såg på dette som gode nok prov til å sende Johanne på bålet, men kongen hadde sendt ut ei svært streng lov om heksing. Den slags vart teke alvorleg i det reformerte protestantiske kongedømet Danmark-Noreg.

– Likeins er det vanskeleg å skjona at ho vart torturert til å tilstå etter dommen, og at ho ikkje gjorde det på lett vis. Den offisielle

årsaka var at ho skulle forlata denne verda med reint samvit, for at ein skulle berga sjela hennar.

Carl von Linné

Ektemaken Simon Jakobsen stilte seg bak kona. Det finst ikkje så mykje informasjon om han, men han vert omtala som «Guds ords tenar» – utan at han var prest. Han var ein rik land-

eigar og handelsmann, og han gifte seg med Johanne i 1601.

Dei fekk fire born, men me kjenner berre éin, Jørgen Simonsen Schee (1612–1692), som seinare tok med seg familien til Skåne. Han var berre ti år då mora vart brend, og han vart send til Danmark av faren. Jørgen kom seinare tilbake som assistentlærer ved katedralskulen i Stavanger. Han studerte sidan i København og vart prest i Visseltoft og fekk åtte born.

Den yngste dottera til Jørgen heitte Maria (1664–1703), og ho gifte seg med Samuel Broderonius i Stenbrohult. Dei fekk dottera Christina Broderonia, som gifte seg med den unge assistenten til faren, Nils Ingemarsson Linné i 1706. Våren etter fekk dei sonen Carl von Linné.

Antinorsk

Professor Jørgensen skriv at det er uvisst om Carl visste om tippoldemora vart brend på bålet som heks. Han viser til at dette var slikt som ein helst ikkje ville tala om i kyrkja, men kanskje visste alle det likevel. I alle fall dukka ikkje avrettinga opp i Linnés skrifter. Men Linné hadde reservasjonar mot å grava for djupt i familierøtene, og Jørgensen ymtar om at han kunne ha visst at det var noko leitt langt tilbake.

Professoren skriv også om Linnés avsky for Noreg og nordmenn, og at opphavet kan liggja her.

– Sjølv om dette var ein generell tendens med politiske røter blant svenskar, er det uvanleg sterkt uttrykt i verka til Linné, skriv Jørgensen.

Linné var ein gong i Noreg, og på reisa til Røros klagar han på den usiviliserte framferda til

nordmennene, pluss dårlege manerar og rot.

Han kalla også den brune rotta for *Rattus norvegicus*, endå ho slett ikkje var spesiell for Noreg. Ho kom dessutan austafra kort tid før han sette namn på henne. Men på den andre sida tok Linné imot elleve norske elevar, og det har vorte sagt at Martin Vahl var ein av dei kjæraste studentane hans.

– Så antipatien stakk ikkje så djupt, skriv professor Per M. Jørgensen.

Jubileumsdagen

Den store jubileumsdagen er 23. mai. Då er det 300 år sidan Carl von Linné vart fødd, og då kjem den japanske keisaren og skal delta på festen i Uppsala. Han vert omtala som ein ivrig Linné-entusiast.

CARL VON LINNE

- Fødd 1707, død 1778
- Svensk lækjar, zoolog og botanikar
- Lanserte plantesystemet sitt i 1731
- Studiereise til Lappland, Dalarna
- Doktorgrad i Nederland i 1735
- Var lækjar i Stockholm
- Skipa Vitenskapsakademiet
- Professor i medisin og naturhistorie
- Sende studentar til mange land
- Linné var viktigast som systematikar
- Laga seksualsystem for planteriket